

Årsmelding 2023

Bevaringstenestene (BEV) er ei fellesteneste innan bevaring og konservering av samlingane til dei konsoliderte musea i Vestland. Vi har ansvar for eit fellesmagasin av god kvalitet. Vårt mål er at vi saman med musea bidreg til å bevare vår materielle kulturarv ved å bremse dei prosessane som naturleg bryt ned gjenstandane så langt det er mogleg, enten det er på utstilling, på magasin eller i eit historisk interiør.

Vi har lagt bak oss eit år med høg aktivitet med svært mange gjenstandar flytta til fellesmagasinet, samstundes som vi har arbeidd ute i musea med Re-Org prosjekt, dokumentasjon og praktiske kurs. Vi har delt kunnskap på konferansar og workshopar frå Valencia i sør til Bodø i nord, via Bergen, Sogndal og Oslo.

Det er ein jamn auke i oppdrag på kulturhistorisk atelier, og det er gledeleg å sjå at vi no har like mange eksterne oppdrag her som på tekstilateliet.

Dette året arrangerte vi fagdagar igjen, og vi la ned eit stort arbeid med arrangementet, som samla 122 deltakarar frå heile landet. Vi arrangerte også to mindre fagdagar; om prioritering i samlingane for Samlingsutvalet, og om dei ulike rollene i krisehandtering for Felles Beredskapsgruppe for arkiv og museum i Vestland.

Vi deltok på felles personaltur til Winchester, og hadde fine dagar der i lag med resten av MUHO. Bevaringstenestene besøkte også West Dean College som blant anna tilbyr kurs innan ulike konserveringsfelt.



Bevaringstenestene på West Dean College

Museumssenteret i Hordaland
Salhusvegen 201
5107 Salhus

bevaringstenestene@muho.no Org. nr. 971 349 743
55 25 10 80 - 3

muho.no

Vi har hatt fleire saker i media. NRK har skrive ei sak om ørnerovet på Leka, der ei tre år gamal jente skal ha blitt tatt av ørn og frakta opp på ei fjellhylle. Bevaringstenestene har konserverert kjolen som ho skal ha hatt på seg då dette skjedde. Dette blei også omtalt i tv-innslag og i podcast-format. Bergens Tidende (BT) har skrive ei sak om konserveringa og tilpassinga vi har gjort av bispekåpa til Bjørgvin sin første kvinnelege biskop, om konserveringa av byflagget som er med i 17. mai-prosesjonen og om vårt arbeid med konservering av utandørsskulpturar i sentrum denne summaren. BA (Bergensavisen) har skrive om konserveringa av bronseskulpturen Pastor Storjohann som no er montert tilbake på sokkelen sin på Nordnes.



Foto: Rune Sævig, Bergens Tidende, 8.7.2023

Tilsette i 2023

Torunn Kojan Bøe, avdelingsleiar
Anders Gjølås-Andersen, preventiv konservator
Liudmila Karpenka, reinhalder
Royla Eriksen, driftsleiar

Fellestenestene for samlingsforvaltning

Ida Areklett Garmann, koordinator fellestenestene, nestleiar Bevaringstenestene og tekstilkonservator Nkf-N
Heidi Seilfaldet, seniorrådgjevar
Ida Fløystad Brevig, gjenstandskonservator Nkf-N
Natalija Ćosić, preventiv konservator Nkf-N
Tale Annesdatter Aasheim, samlingsforvaltar dokumentasjonsteam

Kulturhistorisk atelier

Liesa Berens, atelierleiar kulturhistorisk atelier og møbelkonservator Nkf-N
Heleen van Santen, metallkonservator Nkf-N
Sian Pirnie, gjenstandskonservator Nkf-N

Tekstilatelieret

Philippa Moxon, atelierleiar tekstilatelieret og tekstilkonservator Nkf-N
Emma Hartikka, tekstilkonservator Nkf-N
Signe Thøgersen, tekstilkonservator Nkf-N

Formidling

Målsetjinga for formidlingsverksemda vår er å spreie kunnskap om alle sider av temaet konservering, bevaring og samlingsforvaltning.

Musea i Vestland fekk delta på kurs om handtering og bevaring av metall, eit tema dei har etterspurt. Vi heldt også to kurs om plast i samlingane i 2023; eitt for musea i Vestland og eitt på Romsdalsmuseet i Molde. Det siste var eit betalt oppdrag. Også Buskerudmuseet kjøpte kurstenester hos oss; kurs om farlege stoff i samlingane samla deltakarar frå Buskerudmuseet i tillegg til deltakarar frå Norsk Bergverksmuseum, Drammens museum og Museene i Akershus.

Bevaringstenestene arrangerte Fagdagar 2023 på 24-25 april med temaet *Klima og museumssamlingar i møte med økonomiske utfordringar*. Bakgrunnen for temaet var at musea må spare straum som følgje av galopperande straumprisar, mens dei samtidig må bevare eit godt klima i historiske bygg, lokale magasin og i utstillingslokale.

Første dagen fekk dei 122 deltakarane høyre ekspertar frå Wales, Nederland, Belgia og Norge med ulike innfallsporar til temaet. Dagen vart avslutta med ein interessant paneldebatt.



Paneldebatt med deltakarar frå Nederland, Storbritannia, Belgia og Norge.

På dag to fekk vi høyre om fleire inneklimaprojekt, både i magasin og i kulturhistoriske bygningar frå norske deltakar. Det vart diskutert korleis ein kan sette i verk relativt enkle tiltak som kan vere kostnadssparande på lang sikt, og vi fekk høyre om nye magasinprosjekt frå fleire delar av landet. På dette området er det viktig å hente erfaringar frå kvarandre.

Vår preventive konservator heldt innlegg om planane for nytt samlingssentrum i Vestland på ICOM-CC sin 20. triennale kongress i Valencia i september med tittelen «Developing a collection centre facility in Vestland: Challenges and Perspectives».

På eit fellesmøte for timetilsette i Bymuseet heldt vi ein presentasjon om kva det inneber at ein gjenstand er ein del av ei museal samling, og korleis ein skal handtere museumsgjenstandar.

Avdelingsleiar heldt innlegg på seminar om beredskap i Bodø 21. september om beredskapssamarbeidet som vi har etablert for arkiv og museum i Vestland.

I tillegg arrangerte vi fagdag for Felles beredskapsgruppe for arkiv og museum i Vestland 31. oktober i samarbeid med Naturhistorisk museum i Bergen. Fagdagen sette fokus på korleis vi best kan handtere ei krise viss den rammar eit museum eller arkiv som forvaltar store kunst- og kulturhistoriske verdiar. Vi inviterte både museum og Bergen Brannvesen til å halde innlegg og dagen blei avslutta med ei skrivebordsøving som set fokus på ulike roller i ei krise.



Vi har skrive eit kort resymé til ein artikkel om korleis vi har utforma våre opplæringstilbod til musea i å best mogleg bevare samlingane. Artikkelen skal presenterast på den nordiske Nkf konferansen hausten 2024.

Marknadsføring

Vi arbeider for å halde nettsidene oppdaterte, og brukar sosiale medium til å marknadsføre arbeidet vårt. Vi har posta innlegg på våre Facebook og Instagramsider.

Forvalting

Vårt mål er å levere tenester på eit høgt nivå innan forebyggande konservering, bevaring og samlingsforvaltning til dei konsoliderte musea i heile Vestland fylke. Vi tilbyr også våre tenester til eksterne kundar i heile landet.

Fellestenesta for samlingsforvaltning

Vi har tatt imot ei stor mengd gjenstandar til fellesmagasinet i løpet av året. KODE har tømt eitt av magasinane i sentrum, og Museum Vest er i ferd med å flytte ut frå magasinet dei har hatt

på Bontelabo. Dette resulterer i store gjenstandstal, og saman med flytteposjekta frå dei andre musea magasinerte vi vel 2500 fleire gjenstandar enn i 2022. Framleis har vi ein del gjenstandar i karantene og flyttelass som ikkje vart ferdigstilte før årsskiftet.

Magasinert (avslutta flytteprosjekt) 2023				
Institusjon	2009-2022	2023	Utlevert	Sum
Baroniet Rosendal				
Bymuseet i Bergen	6315	438		6753
Hardanger og Voss museum	749			749
KODE	3806	1221	-10	5017
Museum Vest	5062	788	-4	5846
MUHO	3299	81		3380
Kraftmuseet	166			166
Sunnhordland Museum	917			917
Sum	20314	2528	-14	22828

Museum Vest

Vi har førebudd eit Re-org prosjekt på Kystmuseet i Øygarden, med ein innleiande workshop på museet den 11. mai Vi har hatt enkelte arbeidsdagar på museet gjennom hausten, men hovuddelen av prosjektet vert gjort vinteren 2024. Prosjektet er i god flyt, mykje grunna arbeidet museet sjølv utfører.

Vi har delteke i møte om konservering av gjenstandar til utstillinga som skal opne i Hanseatisk museum når Finnegården er ferdig restaurert. Vi har også konserverert to gjenstandar i forkant av ei ny utstilling på Bjørn Vest Museet.

Hardanger og Voss museum

Vi har gitt råd om klima i Hardanger folkemuseum på Utne i samband med at dei skal byte ut HVAC- systemet sitt. Vi har også hjulpet Kabuso i samband med eit borrebilleåtak i eit av magasinane.

MUHO

Ulike tilsette har arbeidd saman med prosjektleiar for dokumentasjonsteam, både på Osterøy museum og på VUS. På Osterøy museum har det vore gjort arbeid i tekstilmagasinet deira, og på VUS har gjenstandar frå kyrkja blitt pakka ned og flytta til Salhus. Vi heldt også på å sy eit underlag til alterduken deira, for å gje den betre vern når den er utstilt i kyrkja.

Bymuseet i Bergen

Sist vinter var det mobile varmekammeret utlånt til Hordamuseet og nytta til å behandle tekstilsamlinga til museet mot skadedyr før dei vart flytta inn i nytt magasin. Vi hadde diverre ein del oppstartspørsmål med varmekammeret som det tok tid å rette opp. I etterkant har vi utarbeidd betre rutinar i samband med flytting av kammeret.

I mai vurderte gjenstandskonservatorane tilstanden til fleire brannvogner ved den gamle hovudbrannstasjonen. Synfaringa resulterer i ein tilstandsrapport som også gir tilrådingar om bevaring av vognene.



Vurdering av brannvogner

Bymuseet hadde innbrot i fleire hus i Gamle Bergen sist sommar. Fleire gjenstandar vart knust, mellom anna eit gammalt speil som inneheld kvikksølv. Gjenstandskonservatorane hjalp museumet med å fjerne det helsefarlege kvikksølvet, og dei pakka ned 8 gjenstandar og tok dei med til atelieret for å utarbeide kalkyle på konservering. I Glassmesterboligen var det store mengder glas spreidd utover, og to konservatorar reinsa møblane for brot.



Vi har gjeve museet bistand til overvaking av klimaet på Alvøen og Damsgård. I tillegg har vi gjeve råd i samband med utflytting av gjenstandar frå Torvsalkjellaren på Gamle Bergen museum.

Baroniet Rosendal

Våre gjenstands- og tekstilkonservatorar var på Baroniet i mars og april for å starte med konserveringa av tre vogner. Vognene blei reingjorte og polstringa blei fjerna, konserverte og sett på igjen før sesongopninga. Konserveringsarbeidet heldt fram etter sesongavslutninga om hausten. Dette arbeidet vert utført som eit betalt oppdrag.

I november pakka vi nokre gjenstandar som vi skal lage tilstandsvurdering og kalkyle på. Vi undersøkte samtidig insektfellene og gav råd om tekstilsamlinga deira.



Før konservering



Etter konservering (fase 1)

Musea i Sogn og Fjordane

Vi har halde kurs i handtering og bevaring av plastgjenstandar i museumssamlingane. Sogn folkemuseum var vert for kurset, som sjølvstendig var ope for alle musea i Vestland. Dagen etter kurset vart drakt- og tekstilutstillinga ved museet vurdert, og vi gav innleiande råd før museet skulle i gang med å planlegge ny tekstilutstilling. Vi har skrive ein rapport frå synfaringa og gitt museet praktiske råd for oppfølging.



KODE

KODE har prioritert å flytte inn gjenstandar i fellesmagasinet, og har starta innflytting i sitt eige magasin. Museet har lånt varmekammeret for insektsanering av gjenstandar, og vi heldt difor eit kurs for museet sine tilsette i bruk av kammeret og i frysebehandling av gjenstandar. Vi har også halde eit gjenstandshandteringskurs med fokus på møblar for prosjektteamet.



Konserveringstenester

Kulturhistorisk atelier

NIKU

Som underleverandør til NIKU, jobba vi saman med deira konservatorar der vi hjelpte til med tilstandsvurdering og behandlingsforslag til støypejernskors frå ein historisk gravplass. I tillegg var metallkonservatoren vår i Oslo i to veker for å konservere metalldelane til eit solur frå 1600-talet.

De Bergenske AS – Grand Hotel Terminus

Bevaringstenestene har konservert ein skulptur laga av pappmasjé av kunstnaren Kjell Erik Killi Olsen. Monteringssystemet svikta, og skulpturen ramla difor ned og blei skadd. Skulpturen blei sett saman igjen, hol og manglar blei fylt og brot-kantane blei retusjert.

Statsbygg, Gamlehaugen

Konsivering av ein kinesisk terrakottavase er slutført.

Bergen kommune

Vi har konservert tre utandørsskulpturar for Bergen kommune: skulpturar av Bjørnstjerne Bjørnson, Edvard Grieg og Ludvig Holberg. Skulpturane vart vaska og overflødig smuss og korrosjon vart fjerna mekanisk før dei fekk eit beskyttande lag med voks på heile bronseoverflata. Skulpturane vart til slutt retusjert. Metallkonservator har vore på synfaring saman med kommunen for å planlegge konservering av skulpturar neste år.



KODE

Vi har eit stort betalt oppdrag for KODE, og difor har vi månadlege planleggingsmøte. I tillegg har vi hatt møte om utstillingar og prosjekt. Mellom anna har vi arbeidd mykje i deira to store flytteprosjekt: Lysøen-prosjektet og i Kokstad-prosjektet. På Lysøen blei alle gjenstandar flytta ut frå villaen, og BEV har tatt ned nokre av gardinene som enten var originale eller dyrebare reproduksjonar av dei originale gardinene. Vi tilstandsvurderte, konsoliderte og pakka også nokre av de skjørare gjenstandane.



I Kokstad-prosjektet har vi delteke på synfaringar i magasina og gjeve råd om innflyttingsprosessen og insektsanering. I flytteprosessen hjelper vi også til med å sikre nokre av dei skjøraste gjenstandane før transport.

Vi utfører ei mengd tilstandsvurderingar av gjenstandar som er utstilte på permanent basis, men også gjenstandar som vert vurdert for utlån. Tilstandsvurdering av innlån vert gjort både før og etter utstilling. Mange gjenstandar har behov for overflatereingjering før utstilling, og dette inngår sjølvst i det vi utfører i dette oppdraget.

Alle insektfellene blei sjekka på KODE og det blei gitt råd om vidare IPM-tiltak.

Museet skal låne ut sølvsamlinga si til eit museum i USA. Konservatorane har klargjort store delar av denne samlinga for transport og utstilling. Vår metallkonservator har gitt eit dagskurs for KODE-tilsette om korleis ein kan reingjere sølvoverflater på ein skånsam måte, slik at dei kan vere med på å reingjere nokre av gjenstandane.



Reingjering av brurekrone før utstilling.

Akasia

Vår metallkonservator har vore på synfaring for å gi råd om reingjering av messinglampettar.

Private kundar

Ei samling med 14 asiatiske gjenstandar har blitt konservert for ein privat kunde etter at dei vart utsett for ein vasslekkasje.

Konservering av ein skrivepult frå Frankrike for ein privat kunde har starta opp.

Tekstilatelieret

Stavanger museum


10 draktdelar frå Stavanger museum blei konservert for utstilling.

NTNU

Teppet «Den fortapte sønnen» av Hannah Ryggen blei reingjort og nytt opphengssystem blei montert.

Bjørqvins bispedømme

Bispekåpa er tilpassa og klargjort slik at den kan brukast av den nye biskopen.



Bispekåpa

Jugendstilsenteret og KUBE

Hjørungavåg-teppet teikna av Gerhard Munthe fekk montert nytt oppheng før det skal hengast opp på utstilling. Ei lysekrone er også i atelieret for eit konserveringsforslag.

Bergen kommune

Byflagget som skal brukast i 17. mai-prosesjonen er reingjort og glatta ut. Alle skader er sydd ned til støttelappar, og ringane som fester flagget til stanga er skifta ut.

Klæbu Seminar

Vi har konserverert ei fane. For å forhindre meir skade i fana blei den festa på ei polstra plate.

Norsk Teknisk Museum

Ein tekstilkonservator reiste til Oslo for å vurdere tekstilelementa på Lohner Porschen. Lohner Porschen er ein elbil bygd i 1905. Kupéen på bilen er utstyrt med eit polstra interiør. Bilen har også ein samanleggbar kalesje på baksida av kupéen, denne er laga av eit belagt tekstil med ullfôr. På hjula er det eksponerte stofflag som har vore dekkja av gummi. Ledningane under bilen og beslaga i rotorane som er festa til hjulet er dekkja av tekstilar.

Fana Menighet

Tekstilar i Fana kirke blei tilstandsvurdert og det er skrive ein tilstandsrapport. Vi har også gitt råd om vidare bevaring.

Storetveit kirke

Ein tekstilkonservator vurderte golvteppet i koret i Storetveit kirke og skreiv eit konserveringsforslag med kalkyle for teppet.

Gamlehaugen

Sju bildeteppe frå Gamlehaugen har blitt konserverert i løpet av dei siste fem åra og dei blei montert tilbake i hallen på Gamlehaugen i mai. Dei blei returnert til sine opprinnelege plasseringar som kan sjåast på fotografi tatt av hallen på midten av 1900-tallet.

To sett portierer blei montert på dørene i damesalongen. Portierane blei konserverert hos oss i 2017 og 2018, og har vore lagra hos Bevaringstenestene inntil damesalongen no var ferdig renoverert.

Nordhordland folkehøgskule

Ein konservator har vore på synfaring på Herregården på Frekhaug. Dei arbeider med restaurering av dette bygget og i prosessen har dei avdekt ei rekke gamle tapetar, der dei trong råd om korleis dei skal handtere desse.

Gloppen kyrkjelege fellesråd

Vi har konserverert ein messehakel og konstruert ei innerstøtte slik at den kan stillast ut i kyrkja.

Draktutstilling i Masfjorden

Ein tekstilkonservator var med og tok ned og pakka ei rekke ulike bunadsdelar som var stilt ut i Masfjorden. Draktdelane var hos oss for frysing i etterkant av utstillinga.

Samarbeidsforum

Samlingsutvalet

Samlingsutvalet har blitt ein viktig regional møtestad for samlingsforvaltarane, og har 2 møte i året. Vårmetet er til vanleg digitalt, medan haustmøtet går over to dagar med fagleg påfyll. I år gjekk det av stabelen 4. og 5. oktober i Bergen. Den første dagen var sett av til eit seminar om prioritering i museumssamlingar. Kristin Margrethe Gaukstad, som er avdelingsleiar for dokumentasjon og samling ved Oslo Museum, var invitert til å halde hovudinnleiinga. Ho fortalde om omfattande prioriteringsprosjekt som museet har gjennomført. Deltakarane fekk høyre om bakgrunnen for prosjekta og korleis desse vart gjennomført. Nina Moldskred delte erfaringar frå prioriteringsprosjekt som Bymuseet har gjennomført. BEV gav ei kort innføring i dei nasjonale retningslinjene for prioritering og avhending. Den første dagen vart avslutta med ein workshop i regi av Museum Vest.

På dag to var vi på omvising på Lepramuseet etterfølgt av møte i Samlingsutvalet. Maiken Raftevoll frå KODE vart valt til ny leiar i utvalet med Helge Pedersen frå Sunnhordland museum som vara.



Felles beredskapsgruppe for arkiv og museum i Hordaland

BEV har ansvar for å koordinere arbeidet i Felles Beredskapsgruppe for arkiv og museum i Vestland. Medlemmane i gruppa skal hjelpe kvarandre i kriser som til dømes brann, flaum eller tjuveri, i tidsrommet frå ein bygning er frigitt og fram til forsikringsselskapet overtek, inntil 48 timar. Eit stort arbeid vart sett inn på å arrangere fagdagen som er nemnt i kapittelet om formidling.

Tverrinstitusjonelt møte om RVR og brannsikring av historiske bygg (TIBRA)

Torunn og Philippa har delteke på to digitale møter i forumet, som drøftar ulike utfordringar innan beredskap og verdiredding av kulturminne. Her deltek representantar frå NIKU, COWI, Rikantikvaren, Riksantikvarieämbetet, Oslo Brann og Redning og Bergen Brannvesen.

Sikring og drift

Huseigaren vår, Vestland fylkeskommune har oppgradert naudlysanlegg slik at alle markerings- og leielys no er skifta ut.

Det er også montert befuktarar i atelierar som eit forsøk på å unngå for tørr luft om vinteren.

Det er henta inn tilbod for å oppgradere batterikapasiteten på alarmanlegget. Dette er ønskeleg å oppgradere fordi det vil gjere anlegget operativt i lengre tid ved straumbrot. Tilbodet er no til vurdering hos Vestland fylkeskommune.

Huseigar er framleis på saka med stein og grus som kjem frå naboeigedom og kva løysing som skal erstatte sprosser som har falle ned frå vindauge. Bevaringstenestene avventar ein konklusjon her.

Vi loggar klimaet i magasina og kontrollerer magasin og atelier for skadedyr. BEV har utarbeidd ein sikringsplan som vert rullert kvart år, og det vert søkt sikringsmidlar hjå Kulturrådet i tråd med tiltak i planen.

Vi har utarbeidd ein beredskapsplan og skal gjennomføre ei årleg brannøving. Vi deltek på MUHO sine årlege kurs i førstehjelp og brannsløkking.

Vi avventar fylkeskommunen på desse oppgåvene:
Male bygget, utvendig skjer mest sannsynleg første halvår i 2024
Asfaltering av veier og parkeringsplass

Forsking og dokumentasjon

Vi held oss oppdatert på nye arbeidsmåtar innan samlingsforvaltning, og deltek på praktiske og teoretiske kurs slik at vi har oversyn over nye metodar og teknikkar innan konserveringsfaget.

Vår preventive konservator Natalia Ćosić har hatt permisjon for å arbeide med doktorgradsavhandlinga si i kulturarvstudiar (critical heritage studies) i regi av Det filosofiske fakultet, Universitetet i Beograd. Permisjonen let seg gjere med tildelte midlar frå felles forskningssamarbeid i Vestland.

Natalija deltek i MUHO si interne forskingsgruppe, og har saman med Ida Areklett Garman skrive ein artikkel i samband med ICOM-CC konferansen i Valencia «Developing a collection center facility in Vestland, Norway: Challenges and perspectives».

Fornyning

Det er eit mål at dei tilsette får delta i kurs og konferansar dei opplever som naudsynste eller nyttige i arbeidet sitt.

Avdelingsleiar og nestleiar deltok på det nasjonale museumsmøtet i Stavanger i mars.

Sian har tatt Kurs i varme arbeid og fått sertifikat frå Norsk brannvernforening for å kunne gjere voksbehandingar med open eld på bronseskulpturar.

Alle tilsette gjennomfører MUHO sitt interne førstehjelpskurs 2.kvart år.

Alle tilsette på BEV deltok på fagdagane

Nytt samlingssentrum for musea i Vestland

I februar var Torunn, Natalija og Elisabeth på studietur til Vest-Agder-museet sine nye magasin saman med fleire direktørar og samlingsleiarar frå musea i Vestland. Turen gav nyttig informasjon om Vest-Agder-museet sin prosess, noko som er godt å ta med seg i neste fase av vårt eige prosjekt. Vi er i fortløpande dialog med Vestland fylkeskommune både på politisk og administrativt nivå for presse fram ei politisk sak som sikrar framdrift i planane om å bygge eit nytt samlingssentrum.

Saman med direktør i MUHO Elisabeth Halvorsen hadde vi møte med Bergen kommune si politiske og administrative leiing i august. Kommunen sine representantar var positive til planane om eit samlingssentrum, og ville ta initiativ til eit møte mellom kommunen og fylkeskommunen etter valet. Kommunen er oppteken av at musea får dekkja sine samla behov for nye magasin i det nye samlingssentrumet, og at det ikkje kjem nye søknader om magasin. Vi inviterte difor direktørane og samlingsforvalerane ved musea i Bergen til eit eige møte i november for å sikre oss at dei arealbehova som musea har spelt inn er dei endelege, og at vi kan stake ut ein felles kurs i lag. Dessverre møtte ikkje KODE til dette møtet.

Vi har venta på at fylkeskommunen skulle fremje ei politisk sak om eigarskap og byggansvar for det nye samlingssentrumet. Ettersom dette let vente på seg, søkte vi om 300 000 kr frå Museumsløft 2023 for å finansiere naudsynt innleigd kompetanse for å få undersøkt grunnforholda for ei aktuell tomt på Haukås. Målet var å få kartlagt om tomten er eigna til å magasinere varme og kulde for å klimaregulere bygga og få teikna ei skisse til bygg på tomten. Søknaden vart avslått.



Studietur til Vest-Agder-Museet sitt nye magasin

Dokumentasjonsteam

Bevaringstenestene har fått oppretta eit dokumentasjonstema med prosjektmidlar frå Vestland fylkeskommune i tre år. Prosjektet har som venta blitt eit etterspurt tilbod, og prosjektleiar var på oppdrag i 25 veker. På Hardanger Fartøyvernssenter vart 19 båtar med tilfar tilstandsvurderte, merka med museumsnummer, målte, fotograferte og registrerte i Primus. Kystmuseet i Øygarden har fått tilsvarande hjelp med sine båtar.

Osterøy museum har fått hjelp til revita-arbeid der reiskapar og tekstilar vart dokumenterte, pakka om og magasinert. Bergens Sjøfartsmuseum har fått hjelp til reingjering, merking, oppmåling og registrering av reiskapar. Bymuseet har prioritert dokumentasjonsarbeid for m.a. leiketøysamlinga si, og dessutan møblar og anna i magasinet i Jordal. På Vestnorsk utvandringssenter vart tekstil og kyrkjeinventar reingjorde, merka, målte, fotograferte, registrerte, og noko vart pakka og transportert til fellesmagasinet i Salhus.



På Sunnhordland museum jobba Dokumentasjonsteam med reingjering, registrering og pakking av tekstil. KODE fekk hjelp med å registrera sølvsamlinga deira. Gjenstandar frå Bjørn West Museet, Herdla Museum og Skulestova til Vestnorsk utvandringssentrum blei registrerte, fotograferte og merka med museumsnummer. På Nordsjøfartsmuseet vart gjenstandar fotograferte og merka. Dokumentasjonsteam var og med på RE-ORG for Kystmuseet i Øygarden for å registrera gjenstandar. På Havråtunet blei gjenstandar reingjorde, merka og pakka før dei vart køyrde til frys på FM på Salhus.

Alt arbeid har vore avhengig av eit godt samarbeid med dei lokale tilsette ved musea. Frå BEV si side har teamet bestått av prosjektleiar og konservator, ut frå dei materialgruppene og problemstillingane musea har meldt inn behov for hjelp på.

Dokumentasjonsteam er med på Tradisjonsbåtprosjektet på tvers av musea i Noreg, leidd av Norsk Maritimt Museum med støtte frå Kulturdirektoratet, med mål om å finna standardisert måte å registrera tradisjonsbåtar, og dessutan bruka felles nomenklatur i KulturNav.



Oppmåling av leiketøy frå Gamle Bergen sine samlingar

Felles plan for samhandling og samarbeid innan forvaltning av samlingane

Arbeidet med felles plan for samhandling og samarbeid er under arbeid, og skal ferdigstillast i 2024. Planen skal omhandle korleis BEV skal arbeide for musea, og korleis vi kan arbeide i lag og på tvers for å nytte dei knappe ressursane vi har på best mogleg måte.

Samarbeid på tvers i MUHO

Tilsette frå Bev deltek i aktuelle utviklings- og driftsprosjekt i MUHO. Deltaking i desse prosjekta må balanserast mot oppdraget vi har for alle dei konsoliderte musea og våre eksterne kundar.

Avdelingsleiar deltek i leiargruppa, og Natalija er med i MUHO si forskingsgruppe.

Royla er fagforeiningsleiar for MAF og sit i samarbeidsutvalet, medan Anders er MUHO sitt hovudverneombod.

Philippa er styremedlem i Forskerforbundet sitt lokallag for MUHO.

Andre samarbeidsprosjekt og verv

Ida Areklett Garmann sit i styret for Seksjon for samlingsforvaltning i Norges Museumsforbund, og er styremedlem i Hordaland museums lag.

Torunn Kojan Bøe er vara i Ark i Vest sitt styre, og har delteke på styremøte.

Vi deltek i det internasjonale nettverket ICCROM, og deira arbeid med RE-ORG og Our Collections Matter.

Alle konservatorane ved BEV er autorisert av NKF-N, noko som er eit krav for å utføre oppdrag finansiert av Riksantikvaren.

Økonomi

Vi hadde eit godt tilfang av eksterne oppdrag frå kyrkjer, museum, KORO og private, og vi kom også i mål med timane som KODE betaler oss ekstra for, både når det gjeld konservering og IPM.

Vi har hatt nokre sjukemeldingar i år som gjer at einskilde oppgåver både for musea og eksterne kundar har vorte utsett.

Vi har tilsett ein gjenstandskonservator i eit 18 månaders vikariat. Den nye medarbeidaren kjem frå Storbritannia og startar i stillinga så snart ho får visum.

Vi fekk Museumsløftsmidlar til vidareføring av dokumentasjonsteam og til å skrive ny samlingsplan for musea.